

Årets Vårsøghelg blir arrangert i Surnadal frå torsdag 25. til søndag 28. mai.

## Program:

### Torsdag 25/5:

- Drivadebatten. Kickstart av årets valkamp i samarbeid med Driva
- Kunstutstillingsåpning i samarbeid med Surnadal kunstforening. Årets festivalkunstnar er **Nirmal Singh Dhunsi** frå India, bosatt i Trondheim. ([https://en.wikipedia.org/wiki/Nirmal\\_Singh\\_Dhunsi](https://en.wikipedia.org/wiki/Nirmal_Singh_Dhunsi))
- Vårsøgforspel hos Dreamfarm studio: Vårsøghelga leitar kvart år etter nye arenaer for å arrangere konsertar. I år går turen til Dreamfarm studio på Øyamoan. Lokal og u-lokal musikk og artistar.

### Fredag 26/5

-«Saman for Surnadal» Vi gjentek suksessen frå i fjor med konferansen Saman for Surnadal, i samarbeid med Sparebank1 Nordmøre og Surnadal næringsforening. Årets undertittel er «Litt utanfor allfarveg» Konferansen arrangeres i bankens lokaler på Skei. Her blir det innlegg, lunch og musikalsk innslag av Roar Engelberg på panfløyte.

-«Henningtimen». Ein annleis musikktime med Henning Sommerro for 9. og 10. trinn ved Surnadal ungdomsskule.

-Konsertforedrag på Surnadal billag kl 18.00 om forfattarane Kristofer Uppdal og Hans Hyldbakk: "Ei vandring i to lyriske landskap».

Språket i måleriet.  
Musikken i språket.  
Språket i musikken.

Uppdalbiograf Arild Bye reflekterer rundt Uppdal og Hyldbakk.  
Jakob Weidemann sine digitaliserte malerier, som ikkje har vore utstilt sidan 1996, skaper scenografi.

Musikerne Ine Hoem, Trygve Fiske og John Pål Inderberg spiller musikk av Trygve Brøske, Henning Sommerro og Gunnar Germeten jr. Det norske teatrets produksjon «Bloddrope-trall» fra 1996 er utgangspunkt for denne forestillingen under Vårsøghelga. I samarbeid med Uppdaldåggån på Steinkjer.

- Konsert og pub på Surnadal billag kl 20.00. Tradisjon tru blir det konsert og pub på Surnadal billag. Denne kvelden har etablert seg som eit av høgdepunkta under Vårsøghelga. Artistane her vil bli offentleggjort i nær framtid.

## Lørdag 27/5

- Kulturtorg på Surnadal Kulturhus med konsert med bl a elevar frå Surnadal og Rindal kulturskule.
- Boksøg med **Guri Sørungård Botheim** leia av Svein Sæter. I samarbeid med Møre og Romsdal forfattarlag. Musikalsk innslag med Sigurd Brørs. <https://samlaget.no/collections/guri-sorumgard-botheim>
- Konsert: «**Kvartett tidens ende**» Under andre verdenskrig satt komponisten Olivier Messiaen i tysk fangenskap, og Kvartett til tidens ende ble skreve i konsentrasjonsleiren Stalag i 1940-41. Stykket vart urframført utandørs under sult og kalde forhold, og på delvis øydelagte instrument. Saman med sine medfangar spela Messiaen for eit publikum på om lag 400 fanger og fangevoktere den 15. januar 1941. Stykket er skrevet for ei spesiell instrumentbesetning, rett og slett fordi han komponerte for dei musikerne han hadde tilgjengelig blant medfangane. Dermed endte han opp med fiolin, klarinett, cello og klaver.

Musikken er et gripende testament til tiden og konteksten den ble skrevet i, og er dessverre framleis relevant; ingen som har hørt den oppført live, går frå konserten uberørt.

Kvartett til tidens ende blir framført i Finstuå på Surnadal Kulturhus, omkranset av Nirmal Singh Dhunsi sin kunst. Her får vi høre eit stjernelag av musikarar, bestående av Øyvind Gimse (Cello), Mona Spigseth (Flygel) Daniel Turcina (Fiolin) og Rik De

Geyter (Klarinett). I tillegg får vi høre Henning sine komponiststudentar ved NTNU, som har skrevet nye melodiar til tekstar av Hans Hyldbakk

- Kleivakvelden 2023. Årets kleivakveld blir nok ein gong eit stort høgdepunkt under Vårsøghelga. Vi får som vanleg oppleve Henning og John Pål i strålende form, nye fantasifulle dikt av grunnskuleelevane, Kleivapris, panfløytefenomenet Roar Engelberg og to av våre aller beste og mest energiske vokalistar saman på Kleivascenen. Elisabeth Bettan Andreassen og Knut Marius Djupvik. (Foto Knut Marius: Fred Jonny, Foto Bettan: [www.Bettan.no](http://www.Bettan.no))

## Søndag 28. mai

- Boksøg vol 2 i Stangvik. Svein Sæter og Møre og Romsdal forfatterlag i samtale med lokal forfattar.



- Konsert i Stangvik kyrkje. På denne konserten får vi besøk av ein av verdas beste trompetister som i tillegg er ei av Noregs aller største internasjonale stjerner. Ole Edvard Antonsen har vore solist på dei største scenene i over 40 land. Carnegie Hall NY, Berlin Filharmonien, Musikverein i Wien, Sidney Opera House og no altså i Stangvik kyrkje. Ole Edvard Antonsen har motteke ein rekke utmerkelsar og prisar som td Kommandør av St Olavs Orden, Diapason d'Or i Frankrike, Spelemannsprisen, 1. pris i UNESCO konkurransen mm. Ole Edvard er ein ettertrakta pedagog, og held meisterklassar over heile verda. På denne konserten får vi høre han i samspel med vår eigen orgelvirtuos Erling With Aasgård, og Petter Anthon Næss. I tillegg til Antonsen får vi på denne konserten oppleve eit av Noregs beste blandakor. Kammerkoret Aurum med base i Trondheim, har utmerka seg med sin nyskapning og kvalitet. Koret blir dirigert av Eva Holm Foosnæs. Denne konserten kan fort bli den aller største konsertopplevinga på Nordmøre i 2023. Foto O E Antonsen: Kim Rognmo
- Vårsøghelga avsluttes i Storstuå med eit fyrverkeri av ein konsert. Vi er stolte over å samarbeide med Operaen i Kristiansund om denne konserten. Her får vi ein heil konsert via i musikalens tekn. Det blir songar frå våre kjære lokale Nordmørsmusikalar, i tillegg til høgdepunkt frå dei store internasjonale musikalane. Ekstra stas er det at «vår eiga» Karianna Sommerro er songsolist saman med Emil Solli Tangen på denne konserten. Dei blir akkompagnert av Operaen i Kristiansund sin flotte sinfonietta. Foto Karianna: Erika Hebbert

-



Gledelig er det at publikumstalet for Vårsøghelga 2022 var like bra som Vårsøghelga 2019, som var den siste normale Vårsøghelga før pandemien kom. Det gjer det ekstra motiverande for oss i Laget Vårsøg å arrangere komande Vårsøghelger.

Vårsøghelga vil rette ein stor takk til dei frivillige, som er med på å gjera Vårsøghelga til den unike festhelga som den er.

Har du lyst til å oppleve Vårsøghelga innafrå er alle hjarteleg velkommen til å vera med som frivillig.

Vi vil også rette ein stor takk til våre samarbeidspartnere i Vårsøglaugget, våre Vårsøgvener, Surnadal kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Norsk kulturråd og ikkje minst vår kunstneriske leiar Henning Sommerro.

Detaljert program med tidspunkt, artistar og konsertstader bli offentleggjort ila mars.

Billettsalet startar i første halvdel av mars. Billettane til Kleivakvelden er lagt ut, og kan kjøpas allereie no. Billettane selges på Surnadal Kulturhus og på nettsida til Surnadal Kulturhus.

Besøk Vårsøghelga på Instagram, Facebook og på heimesida [www.Varsoghelga.no](http://www.Varsoghelga.no)

